

Mitt idrettsminne

Møte med store trønderar

Dei åra eg gjekk på ski var vi omtrent 15-20 løparar på kvart renn i mi klasse. Det var spanande å studere skiprogrammet når vi kom fram til skistadion. Kven møtte opp på rennet og korleis var starttrekkjefølgja satt opp. Etter ei rask sondering var det viktig å få på rett smørjing. Dagens blanding blei handtert som den største forretningsløyndom, ei blanding som kunne vere utslagsgivande for resultatet. Frå Velledalen idrottslag var vi ofte tre løparar som stilte. Det var Odd Jostein Drotninghaug, Svein Nakken og meg. Vi hadde mange gode kampar mot kvarandre, men samtidig stilte vi også stafettlag saman. Vi konkurrerte mot løparar frå bl.a. Emblem, Valldal og Sykkylven idrottslag.

Dette skiminnet er frå 1980, då eg konkurrerte i 13-årsklassa. Det året blei det bestemt av vi skulle reise på områdemesterskap i Orkal - Knyken. Vi skulle altså innta skifylket Sør-Trøndelag. Områdemesterskapet hadde skientusiastar frå Sunnmøre, Romsdal, Nordmøre, trøndelagskretsane og Namdal. Det blei ikkje arrangert landsrenn i desse aldersklassene, så konkurransen hadde den høgaste status.

Tung løype. Frå Sykkylven var det Rochmann Eliassen som stod i fremste rekke med å organisere denne turen. Frå Emblem var Odd Roe Skogen ein viktig pådrivar. Frå Velledalen stilte vi med to løparar, Odd Jostein og meg. Vi reiste med buss til Orkdal og drøsen gjekk livleg på turen oppover. I vår klasse var det 69 løparar og mange av dei var ganske gode. Det var ei tung 3 km-løype, hardare enn eg var vant med. I siste delen av løypa var det ein lang og tung motbakke. Her var det laga slik at alle skulle få noko å bryne seg på. Vår heimlege løype på Fjellsætra blei flat i forhold.

Odd Arne Skogen stod for beste sunnmørske prestasjonen med ein 5. plass i 12-årsklassa. Etter løpet var det premieutdeling, og vi overvar denne hendinga. På toppen i 13-årsklassa stod det ein stor trønder, han var vesentleg høgare enn meg. Korleis han kunne vere 13 år har eg aldri forstått, han ruva som ein velvaksen kar på seierspallen. Det var ikkje tvil om "kæm som var bækst"!

Turen til Orkdal var ei spanande oppleving. Berre det å få vere med på turen var stort, vi reiste saman alle frå Sunnmøre for å utfordre skiløparar frå gode skibygder lenger nord. Velledalen idrottslag hadde fått tildelt ein kvote på to løparar til dette rennet. Ein av dei som ikkje fekk vere med frå Velledalen var Svein. Svein blei i vaksen alder den suverent beste av oss tre som den gongen kjempa mot kvarandre i løypa.

ROGER MALVIN HOLE